



Hedlam Anebyhus
Postboks 4
2344 ILSENG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1112 - 18/13149

Saksbehandlar:
Anne Lise Molvik
anne.lise.molvik@lindas.kommune.no

Dato:
24.04.2018

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon (bustad 5) - gbnr 195/235 Leiknes

Tiltak: Bustad 5
Byggjestad: Gbnr: 195/235
Tiltakshavar: Fløssvika Utvikling AS
Ansvarleg søkjar: Hedalm Anebyhus AS Avd Ilseng

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 26.03.2018.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

- Veg, vatn og avløp
Stikkleidningen som skal etablerast må omsøkast. Dette kan skje anten ved at etablering av stikkleidningen inngår i ein av byggjesakene for bustadane, t.d. bustad 1, eller ved at den vert handsama som eiga sak. Nødvendige teikningar av stikkleidningen i sin heilskap må leggjast ved.

Eigedomen har tilkomst frå fylkesveg 391 via privat veg som er regulert til offentleg veg. Det må dokumenterast at eigedomen er sikra vegrett heilt fram til fylkesveg.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan **20.05.2018**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist



Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Anne Lise Molvik
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fløssvika Utvikling AS

Alvervegen 25

5911

ALVERSUND

Mottakarar:

Hedlam Anebyhus

Postboks 4

2344

ILSENG